

# **Kvartalsrapport 2011**

## **3. kvartal**

## KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL 2011

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

### Resultatrekneskapen

Pr. 3. kvartal i 2011 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 4,671 mill. eller 0,66% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2010 er dette ein resultatnedgong på 3,356 mill.

Rentemarginen er 15,616 mill. og utgjer 2,22% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2010 var 15,117 mill. og 2,32%. Ein forventar låg rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida.

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter er auka med 0,318 mill. i høve til same periode i 2010 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein auke på 3,573 mill. Tal for i fjor inneheld utbetaling på om lag 0,750 mill. frå Terra i samband med tilbakebetalt meirverdiavgift på datatenester og effekt av nye AFP reglar med 2,190 mill.. Totale driftskostnader i perioden utgjer 63,1% av sum driftsinntekter mot 46,1% (61,9% ekskl. utbet. frå Terra og endring i AFP reglar) for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med 0,610 mill. så langt i år mot 0,188 mill. i fjor. Styret gjer merksam på at eit mogleg tapsengasjement er identifisert. Ein går ut frå at tilhøyrande forsikringssak er avklåra innan avlevering av årsoppgjør pr. 31/12. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er auka med 6,032 mill. til 8,590 mill. sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens engasjement rapportert

sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement er i same perioden auka med 0,071 mill. til 5,028 mill.

Individuelle nedskrivningar er auka med 0,500 mill. og gruppenedskrivningar er uendra sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,189 mill. som renteinntekt på lån med individuell nedskrivning.

Skatt på ordinært resultat pr. 30/9 2011 er berekna til 1,680 mill.

### Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 969,108 mill. pr. 30/9 2011. Dette er ein auke på 43,927 mill. samanlikna med same periode i 2010 og ein auke på 38,803 mill. sidan 31/12 2010.

Netto utlån til kundar er auka med 7,419 mill. sidan årsskiftet til 833,265 mill. Utover dette har banken utlån via Terra Boligkreditt AS på 61,173 mill., ein auke i år på 30,990 mill. Innskot frå kundar er auka med 37,534 mill. til 776,617 mill.

Obligasjonsbeholdninga, som i si heilhet er definert som anleggsmidlar, er redusert med 5,425 mill. sidan årsskiftet.

Ledige likvide midlar er plassert delvis som innskot i Norges Bank og i andre bankar.

### Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 89,666 mill. medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,25.

### Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 30/9 2011 ei kapitaldekning på 15,41% ekskl. resultat i perioden.

Tysnes, 1. november 2011  
i styret for Tysnes Sparebank


  
Leif Magne Hovland  
formann

  
Bente Raknes  
nestformann

  
Vidar Høviskeland

  
Merete Flakke

  
Agnethe Brekke

  
Britt Ersvær

  
Siri Berggreen  
banksjef

# Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital			
30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010		30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010
29.933	27.476	37.359	Renteinntekter og liknande inntekter	4,25	4,21	4,22
14.317	12.359	17.004	Rentekostnader og liknande kostnader	2,03	1,89	1,92
<b>15.616</b>	<b>15.117</b>	<b>20.355</b>	<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>2,22</b>	<b>2,32</b>	<b>2,30</b>
417	419	419	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,06	0,06	0,05
3.782	3.233	4.492	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,54	0,50	0,51
1.199	1.232	1.655	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	0,17	0,19	0,19
77	88	108	Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	0,01	0,01	0,01
79	330	355	Andre driftsinntekter	0,01	0,05	0,04
<b>3.156</b>	<b>2.838</b>	<b>3.719</b>	<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,45</b>	<b>0,44</b>	<b>0,42</b>
<b>18.772</b>	<b>17.955</b>	<b>24.074</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2,67</b>	<b>2,75</b>	<b>2,72</b>
8.033	5.643	9.368	Løn og generelle administrasjonskostnader	1,14	0,87	1,06
675	311	1.495	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler	0,10	0,05	0,17
<b>3.145</b>	<b>2.326</b>	<b>4.111</b>	<b>Andre driftskostnader</b>	<b>0,45</b>	<b>0,36</b>	<b>0,46</b>
<b>11.853</b>	<b>8.280</b>	<b>14.974</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1,68</b>	<b>1,27</b>	<b>1,69</b>
<b>6.919</b>	<b>9.675</b>	<b>9.100</b>	<b>Resultat av ordinær drift før tap</b>	<b>0,98</b>	<b>1,48</b>	<b>1,03</b>
610	188	561	Tap på utlån, garantiar m.v.	0,09	0,03	0,06
(42)	(1.140)	(1.524)	Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	(0,01)	(0,17)	(0,17)
<b>6.351</b>	<b>10.627</b>	<b>10.063</b>	<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>0,90</b>	<b>1,63</b>	<b>1,14</b>
1.680	2.600	2.668	Skatt på ordinært resultat	0,24	0,40	0,30
<b>4.671</b>	<b>8.027</b>	<b>7.395</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>0,66</b>	<b>1,23</b>	<b>0,84</b>

# Balanse

	Beløp i heile tusen		
	30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010
<b>Eignelutar</b>			
Kontanlar og krav på sentralbankar	37.068	50.404	37.268
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	42.129	5.157	4.968
Brutto utlån til og krav på kundar	843.500	830.959	835.581
- Nedskrivningar på utlån	10.235	9.335	9.735
Netto utlån til og krav på kundar	833.265	821.624	825.846
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	30.883	25.220	36.308
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	7.366	6.971	6.926
Immaterielle eigneluter	-	392	-
Varige driftsmidler	12.821	10.272	13.495
Andre eigneluter	55	42	16
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	5.521	5.099	5.478
<b>Sum eigneluter</b>	<b>969.108</b>	<b>925.181</b>	<b>930.305</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	84.042	83.909	99.048
Innskot frå og gjeld til kundar	776.617	737.751	739.083
Anna gjeld	4.636	4.534	4.220
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	13.127	12.246	1.938
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktelsar	1.020	909	1.021
<b>Sum gjeld</b>	<b>879.442</b>	<b>839.349</b>	<b>845.310</b>
Opptent eigenkapital	84.995	77.805	84.995
Udisponert overskot	4.671	8.027	
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>89.666</b>	<b>85.832</b>	<b>84.995</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>969.108</b>	<b>925.181</b>	<b>930.305</b>
<b>Postar utanom balansen</b>			
Garantiar	22.895	13.933	17.439
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantgjeld o l	30.838	25.160	36.258



## Kvartalsvis resultat

	Beløp i heile tusen				
	3.kvartal 2011	2.kvartal 2011	1.kvartal 2011	4.kvartal 2010	3.kvartal 2010
Renteinntekter og liknande inntekter	10.445	9.826	9.662	9.883	9.567
Rentekostnader og liknande kostnader	5.290	4.540	4.487	4.645	4.366
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>5.155</b>	<b>5.286</b>	<b>5.175</b>	<b>5.238</b>	<b>5.201</b>
Ulbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	-	384	33	-	11
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.412	1.195	1.175	1.259	1.122
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	421	377	401	423	440
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	50	16	11	20	29
Andre driftsinntekter	28	25	26	25	25
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>1.069</b>	<b>1.243</b>	<b>844</b>	<b>881</b>	<b>747</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>6.224</b>	<b>6.529</b>	<b>6.019</b>	<b>6.119</b>	<b>5.948</b>
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.672	2.413	2.948	3.725	432
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidar	225	225	225	1.184	104
Andre driftskostnader	974	963	1.208	1.785	843
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3.871</b>	<b>3.601</b>	<b>4.381</b>	<b>6.694</b>	<b>1.379</b>
<b>Resultat av ordinær drift før tap</b>	<b>2.353</b>	<b>2.928</b>	<b>1.638</b>	<b>(575)</b>	<b>4.569</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	591	24	(5)	373	55
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidar	(42)	-	-	(384)	(4)
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>1.804</b>	<b>2.904</b>	<b>1.643</b>	<b>(564)</b>	<b>4.518</b>
Skatt på ordinært resultat	505	725	450	68	1.300
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>1.299</b>	<b>2.179</b>	<b>1.193</b>	<b>(632)</b>	<b>3.218</b>

## Noteopplysningar

	Beløp i heile tusen		
	30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010
<b>Tapskostnad</b>			
Periodens endring i individuelle nedskrivningar	500	(600)	(200)
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	-	-	-
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	100	530	530
Periodens konstaterte tap på lån utan tidlegare nedskrivning	101	304	304
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(91)	(46)	(72)
<b>Periodens tapskostnader</b>	<b>610</b>	<b>188</b>	<b>562</b>
Herav periodens tap på garantiar	-	-	-
<b>Endring i individuelle nedskrivningar</b>			
Individuelle nedskrivningar pr. 01.01	2.435	2.635	2.635
Periodens konstaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	(100)	(530)	(530)
Auke i nedskrivningar	-	-	-
Nye nedskrivningar	600	-	400
Tilbakeførte nedskrivningar	-	(70)	(70)
<b>Individuelle nedskrivningar ved utgangen av perioden</b>	<b>2.935</b>	<b>2.035</b>	<b>2.435</b>
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
<b>Endring i gruppenedskrivningar</b>			
Gruppenedskrivningar pr. 01.01	7.300	7.300	7.300
Endring i perioden	-	-	-
<b>Gruppenedskrivningar ved utgangen av perioden</b>	<b>7.300</b>	<b>7.300</b>	<b>7.300</b>
Herav uspesifiserte tapsavsetjingar garantiansvar	-	-	-
<b>Misleghald</b>			
Brutto misleghaldne engasjement (over 90 dager)	8.590	2.526	2.558
Individuelle nedskrivningar	(600)	(100)	(100)
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>7.990</b>	<b>2.426</b>	<b>2.458</b>
Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement	5.028	4.239	4.957
Individuelle nedskrivningar	(2.335)	(1.935)	(2.335)
<b>Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>2.693</b>	<b>2.304</b>	<b>2.622</b>
<b>Kapitaldekning</b>			
Berekningsgrunnlag kapitaldekning	534.500	504.538	507.129
Netto ansvarleg kapital	82.354	74.782	82.354
Kjernekapital	82.354	74.782	82.354
Kapitaldekning i prosent (ekslusive periodens resultat i perioderekneskapen)	15,41 %	14,82 %	16,24 %